



---

## Referat frå årsmøte i Breivika Båthavn, 2017.

Årsmøtet blei halde i klubbhuset i Breivika torsdag 28. februar 2017 kl. 18:00 – 19:00. Det møtte 16 medlemmer. Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska vel møtt til årsmøtet.

Sakliste:

**1. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det blei lagt fram ønske om at lyssetting av anlegget burde vore sett opp som eiga sak. Dette blei drøfta og det var semje om å ta opp lyssettingssaka under post 13, Ymse. Samrøystes.

**2. Valg av møteleiar.**

Einar Jacobsen blei valgt til møteleiar. Samrøystes.

**3. Valg av referent.**

Stein Malkenes blei valgt til referent. Samrøystes.

**4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.**

Rune Andreas Eick og Jarle Jacobsen blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

**5. Årsmelding 2016.**

Styreleiar Kjell-Atle Reksten leste årsmeldinga og opna opp for spørsmål og debatt. Årsmøtet gav bryggesjef John Reksten honnør for godt utført arbeid og reiste samstundes spørsmål om det er behov for to bryggeassistentar? Spørsmålet blei drøfta og årsmøtet kom etter drøftingane fram til følgande vedtak: Årsmøtet ber styret evaluere erfaringane med to bryggeassistentar fram mot neste årsmøte. Saka leggest fram for årsmøtet 2018 med innstilling frå styret. Innstillinga skal også innehalde ein gjennomgang av vedtektene på dette punktet. Medlemmene stilte seg elles positive til å gjennomføre dugnadsarbeid. Etter dette blei årsmeldinga for 2016 samrøystes godkjend.

**6. Rekneskap 2016.**

Revisjonsrapport blei delt ut på årsmøtet. Kasserer Einar Jacobsen orienterte og gjekk, etter oppmoding frå årsmøtet, gjennom rekneskapan for 2016 post for post. Nokre av postane blei kommentert og drøfta. Det blei reist spørsmål om korvidt prisane på båtplassane reflekterer verdien av heile anlegget, noko Einar avklarte ved at dette kan settast opp i rekneskapan for 2017. Rekneskapan blei deretter samrøystes vedteken.

**7. Utleigeprisar.**

Einar orienterte og saka blei kort drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.

**8. Pris på båtplassane. Indeksregulering og ekstra verdiauke.**

Einar orienterte og saka blei kort drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.



## 9. Budsjett for 2017.

Budsjettet for 2017 blei lagt fram med eit driftsunderskot på kr 73 100,00. Einar gjekk gjennom budsjettet post for post og årsmøtet kommenterte og reiste spørsmål undervegs. Spørsmåla blei drøfta og avklart. Det blei reist framlegg om å behalde årskontigenten på kr. 1 500,- per medlem og i tillegg betale inn kr. 200,- som eit eingongsbeløp i 2017 i staden for å auke kontigenten til kr. 1 700,-, slik styret foreslo i si innstilling. Dette framlegget fekk 1 røyst og fall. Etter dette blei budsjettet for 2017 samrøystes vedteke.

## 10. Saker frå styret.

### 10.1. Fullføring av moloanlegg

Kjell-Atle orienterte og etter korte kommentarar, spørsmål og innspel, blei saka samrøystes vedteken.

### 11. Inkomne framlegg

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet innan fristen, jfr. vedtektene. Saka blei teken til vitande.

### 12. Vedtektsendring

Det var ikkje kome inn framlegg til vedtektsendringar. Saka blei teken til vitande.

### 13. Ymse

Saka om lys i hamna blei reist av Rune Andreas Eick i sak 1 og blei drøfta under sak 13, Ymse. I tillegg blei det reist spørsmål om behov for ein tryggleiksplan for hamna. Årsmøtet drøfta spørsmåla og erkjente at grunna den økonomiske situasjonen etter dei store moloinvesteringane dei siste åra, må andre tilhøve avventast. Årsmøtet konkluderte med at det i budsjettet for 2018 settast opp eigen post for lyssetting av hamna og at styret legg fram sine vurderingar om etablering av ein tryggleiksplan. Samrøystes.

### 14. Val


Leiar i valnemnda, Rune Andreas Eick orienterte og valnemnda si innstilling var attval på samtlege verv. Desse var på val:


Styreleiar:	Kjell-Atle Reksten	(på val for 2 år)
Bryggesjef:	John Reksten	(på val for 2 år)
1. vara:	Rune Andreas Eick	(på val for 2 år)
2. vara:	Per Arne Solheim	(på val for 2 år)
Revisor:	Vidar Grønnevik	(på val for 2 år)
Bryggeassistent nr. 1:	Arvid Stavang	(på val for 2 år)

Alle blei samrøystes valde.

Møtet slutt kl 19:00/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend:

  
Jarle Jacobsen

  
Rune Andreas Eick